



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
22.03.2018
Dykkar dato
14.03.2018

Vår referanse
2018/3724 421.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til dispensasjon for oppføring av våningshus nr 2 på gnr. 85 bnr. 2, Vetås Nordre

Vi viser til brev frå kommunen datert 14.03.18. Saka gjeld søknad om oppføring av hus nr. 2 på bruk. Eigedomen ligg i område som har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF) etter Kommunedelplan for Radøy sør.

Fylkesmannen si vurdering

Denne saka er dårleg opplyst, då det manglar opplysningar om drift på eigedomen mm. Vi finn det difor vanskeleg å ta endeleg stilling til saka.

Det aktuelle område består av overflatedyrka jord og Fylkesmannen er i utgangspunktet kritisk til omdisponering av dyrka mark. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Stortinget har også nyleg skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Slik saka no er opplyst rår vi ifrå dispensasjon til bustadhus.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.